I motsetnad til regjeringspartia er ikkje Arbeidarpartiet redd for kunnskapsinnhenting. Difor har vi heller ikkje konkludert i forkant når det gjeld leveringspliktene, slik som regjeringa gjorde så seint som ved statsminister Erna Solberg i spørjetimen mindre enn eitt døgn før vi gav frå oss innstillinga vår.

Arbeidarpartiet ser juridisk sett på det som eitt selskap, når representanten Grimstad nemner delinga som har skjedd. Norway Seafoods og Havfisk er for oss juridisk sett eitt selskap, og det er dei som til saman må oppfylle forpliktingane.

**Oskar J. Grimstad (FrP) [12:39:51]:** Når Arbeidarpartiet seier at dei ser det som eitt juridisk selskap, er det faktiske slik at det juridisk sett er to forskjellige selskap som har skapt denne utfordringa. Arbeidarpartiet seier at dei ikkje er redde for kunnskapsinnhenting, men kvifor henta ein ikkje inn den kunnskapen på førehand, slik at ein ikkje kom i den situasjonen som vi er i i dag, med den delinga som mange meiner representerer det problemet som er knytt til dei tre pliktene som opphavleg var på både flåteleddet og landledet?

**Ingrid Heggø (A) [12:40:30]:** Dei fleste er vel einige om at det var tidlegare fiskeriminister Svein Ludvigsen si endring av leveringspliktene – frå ei leveringsplikt til ei tilbudsplikt – som har vore den største endringa av leveringspliktene, og som har gjort at det ikkje fungerer.

Tilbake til det med eitt juridisk selskap: Jo, vi ser på det som eitt juridisk selskap, og eg kan ikkje svara for årsaka til det. Ein kunne kanskje ikkje nekta dei å dela selskapet i to, slik som det låg. Det var i alle fall det eit samla storting meinte om den saka, så vidt eg hugsar. Men at vi ser på det som eitt juridisk selskap, må vera heilt klinkande klart, og det bør dei òg innretta seg etter. Signala om å sjå på alle dei tre pliktene under eitt, sender vi vidare til den kommisjonen som no skal sjå på dette. Då må dei òg innretta seg etter det juridiske handlingsrommet som faktisk ligg der.

**Frank Bakke-Jensen (H) [12:41:40]:** Reguleringene for fiskeflåten er ganske kompliserte. De regulerer med en grunnkvote, med refordeling, man har bifangst, man kan få ferskfiskbonus, og man får bonus for levende fangst. I merknadene sier komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti at man vil

«foreslå en ny ordning der det gis kvotebonus dersom industrien og flåteleddet inngår helårsavtaler som sikrer jevn råstofftilgang gjennom hele året. For torskefiskerier vil dette være å levere mindre enn i dag de fire første månedene av året i forhold til de åtte siste månedene.»

Dette høres jo tilforlatelig ut. Mitt spørsmål til representanten Heggø er:

Hvor har man planer om å foreslå dette? Man har ikke foreslått det som en del av innstillingen fra komiteen. Er det på valgtorget eller andre plasser man ser for seg at man skal komme med disse forslagene?

**Ingrid Heggø (A) [12:42:32]:** Eg hørde ikkje det siste representanten Bakke-Jensen sa, om det var på...?

**Frank Bakke-Jensen (H) [12:42:35]:** Jeg kan presisere spørsmålet: Hvor har man tenkt å komme med dette forslaget?

**Ingrid Heggø (A) [12:42:40]:** Det er jo nettopp difor vi har føreslått ein strategi – som eit fleirtal i Stortinget no går inn for – for å sjå på heilårsarbeidsplassar. Det er eit godt tiltak for heilårsarbeidsplassar at ein gjev kvotebonus òg når industrien og flåten inngår eit forpliktande arbeid framover. At ein leverer mindre til å begynna med og meir dei siste månadene, er nettopp det vi er på jakt etter for å få utjamna sesongsvingingane. Det er nettopp dette industrien etterspør. Det er få forslag eg har vore med på å reisa frå Arbeidarpartiet si side, som vi har fått så mykje skryt og godord for, som nettopp dette forslaget. Men det vil nok koma tilbake i den strategien som vi har bedt om.

**Presidenten:** Replikkordskiftet er omme.

**Oskar J. Grimstad (FrP) [12:43:43]:** Med nedgangstider i oljenæringa og auka arbeidsløyse langs vår langstrakte kyst er det viktigare enn nokon gong at vi legg til rette for best mogleg lønsemd i ei av våre viktigaste framtidsnæringar, den maritime sektor, som har lange tradisjonar.

Landdelen av sjømatindustrien i Noreg består av om lag 440 bedrifter, som har til saman 9 700 årsverk, så sysselsetjingsmessig er han viktig for mange lokalsamfunn. Vi står overfor viktige avgjerder i norsk fiskeripolitikk framover, og gårdsdagens løysingar vil på nokre felt vere utdaterte og treng å bli tilpassa morgondagens realitet. Det er viktig at det blir skapt best mogleg lønsemd for heile sjømatnæringa, og at vi får ei breiast mogleg politisk samling, som utarbeider stabile rammevilkår som kan bestå over tid og skape føreseielegheit.

I ei tid med store delar av fiskeria som går bra – ja, nokre går til og med svært bra, med gode fangstar og stor lønsemd – viser det at fornuftig forvaltning er gull verd, bokstaveleg talt. Oppdrett av laks gir det same positive bildet, med nokre utfordringar på miljørada.

Ser vi framover i tid, vil verdas befolkning auke frå sju til ni milliardar menneske, og per dato forsyner havrommet verdas befolkning med berre 2 pst. av matbehovet. Og vi veit at produksjonskapasiteten i havrommet – vel å merke med god forvaltning – kan mangedoblast og blir umåteleg viktig framover.

For sjømatindustrien har marginane vore svake i ei årrekke, særleg innanfor filetproduksjonen av kvitfisk, og store mengder fisk blir sende ubearbeidd ut av landet. Det er difor eit stort ønske om å endre dette, og i dei politiske rammene for ein meir konkurransekraftig sjømatindustri, som regjeringa har behandla i stortingsmeldinga om ei konkurransekraftig sjømatindustri, er dette gitt stor merksemd.

I meldinga føreslår m.a. regjeringa tiltak som kan bidra til å auke verdiskapinga i industriledet og i sjømatnæringa elles. For å styrkje evna til ønskt omstilling og innovasjon og slik fremme konkurransekraft og verdiskaping i sjømatindustrien ønskjer regjeringa å forenkle og gi næringa fleksibilitet gjennom bl.a. å leggje til rette for auka valfridom og å løyse reguleringsgrepet på nokre område og styrkje legitimiteten, samhandlinga og effektiviteten i verdikjeda.

I lesarinnlegg har fiskeriministeren uttalt:

«Jeg tror ikke på at vi som politikere kan regulere oss fram til lønnsomhet.»

Det synspunktet deler eg fullt ut, sidan også denne næringa er ein del av den konkurranseutsette aktiviteten fram til forbrukar. Men ein samla komité er likevel opptatt av at dei fiskeripolitiske reguleringane skal fremje kvalitet og bidra til å auke verdien på sluttproduktet, og gjennom det auka lønsemda.

Næringskomiteen har samla seg rundt fleire fellesvedtak, og ei rekkje av dei føreslåtte tiltaka er heilt i tråd med intensjonane som ligg i meldinga – det vere seg arbeidet med å jamne ut sesongen, då sjømatindustrien, særleg innanfor villfisk, må handtere store sesongsvingingar, eit ekspertutval for førstehandsomsetning og auka satsing på forskning og utvikling. Komiteen står også samla bak øns-

ket om ein samla gjennomgang av alle dei tre pliktene og ber kommisjonen om å gjennomgå det i seks punkt.

Eit anna tiltak for å bidra til jamnare råstofftilgang gjennom heile året er å prioritere vidareføring av kvotebonus for levandelagrung og ferskfiskordninga. Kvotefleks, eller flytting av kvoteåret, er det ueinigheit om, men regjeringspartia meiner at ein først og fremst bør vurdere flytting av kvoteåret.

Så er også regjeringa opptatt av å løyse unødige detaljreguleringar, og eg nemner som eksempel: Regjeringa vil auke fleksibiliteten og fjerne restriksjonane på reiskapsval når ikkje biologiske omsyn taler mot det, ein føreslår å fjerne forbodet mot ombordproduksjon i torsketrållgruppa for fartøy utan leveringsplikt, og ein meiner det er mindre behov for ei streng regulering av fartøystørrelsen i dei kvoteregulerte fiskeria.

I den offentlege debatten har dei forskjellige forpliktingane som ligg til enkelte av trålekonsesjonane, vore mykje omtalte. Der meldinga skisserer at ein ser desse kvar for seg, meiner ein samla komité at desse skal sjåast under eitt, som nemnt i eit kommisjonsarbeid. Alle er einige om at desse forpliktingane ikkje fungerer etter hensikta, og vi ser fram til kva løysing denne ekspertgruppa vil føreslå.

Komiteen har gjort mange kloke val, der ein samstemt komité er samla om ønsket om betre rammevilkår for norsk sjømateksport til våre kundar verda rundt.

Så til slutt: Takk til saksordføraren for ein framifrå jobb med innstillinga.

**Presidenten:** Det åpnes for replikkordskifte.

**Else-May Botten (A) [12:48:39]:** I Stortingets spørretime 17. februar sa fiskeriminister Per Sandberg seg enig i at det var en god idé å lage en strategi for helårs arbeidsplasser i industrien. Det er Høyre og Fremskrittspartiet i Stortinget uenig i. At hensynet til arbeidsplasser ikke står høyt på dagsordenen i Fremskrittspartiet, er kanskje ikke helt overraskende, men snakker ikke fiskeriministeren og fiskeripolitisk talsperson i Fremskrittspartiet sammen? Eller ser ikke representanten Oskar J. Grimstad behovet for å få på plass helårs arbeidsplasser?

**Oskar J. Grimstad (FrP) [12:49:13]:** Eg meiner at representanten Botten må ha fullstendig misforstått ministeren når ho tolkar han slik som dette. Også regjeringspartia viser gjennom sitt arbeid med denne meldinga at ein er svært så opptatt av heilårige arbeidsplassar. Og eg har vore med på fleirtalsvedtak som skal skissere løysingar for i større grad å unngå det som vi har sett i denne gjennomgangen for delar av denne næringa – lange permitteringar, som gjer at arbeidsplassane ikkje er så attraktive som dei kunne ha vore. Så vi vil absolutt jobbe for i størst mogleg grad å få på plass heilårs arbeidsplassar innanfor fiskeindustrien og ser ingen motsetnader i det arbeidet som har vore gjort så langt.

**Geir Pollestad (Sp) [12:50:09]:** I innstillingen er det en samlet komité som støtter at Norges Fiskarlag, Sjømat Norge og fiskesalgslagene går igjennom og ser på hvordan



en kan bruke fiskesalgslagsloven på en mer effektiv måte innenfor dagens regelverk. Så har Senterpartiet også støttet at det i tillegg nedsettes et ekspertutvalg. Det har vi gjort fordi partene har – visst av hvilken grunn – ønsket det. Fremskrittspartiet og Høyre, derimot, har i sin merknad en litt annen begrunnelse for dette ekspertutvalget. De skriver at det er «nødvendig for å opprettholde tilliten i dette arbeidet». Da er mitt spørsmål: Har ikke Fremskrittspartiet tillit til at de tre organisasjonene på egen hånd klarer å gjennomføre denne jobben på en måte som vi kan ha tillit til?

**Oskar J. Grimstad (FrP) [12:51:03]:** Jo, vi har full tillit til disse organisasjonene og til at dette arbeidet blir gjort på ein måte som er hensiktsmessig for framtida. Vi understrekar det, som vi gjer i merknaden, og presiserer ting der som vi synest er nødvendige, og ser ikkje motsetningsforholdet som representanten Pollestad skisserer, i det heile.

**Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [12:51:37]:** Det er jo ei sjømatindustrimelding vi behandlar i dag, og i kapittel 10 i meldinga blir endeleg kåra og rammevilkåra for sjølve industriproduksjonen behandla. Der slår regjeringa fast at det er store utfordringar, spesielt på kvitfiskfeltet, når det gjeld sjølve industriproduksjonen. Han er underteknologisert, og arbeidskraftkostnadene er av dei viktigaste utfordringane ein står overfor. Dette passar som hand i hanske med det vi ser internasjonalt av industriell utvikling, der ein tar i bruk automatisering, robotisering og nye avanserte industrimoglegheiter for å skape nettopp meir avansert industriproduksjon. Vi trudde at dette var eit opplegg til «smash» for resten av komiteen då vi føreslo eit program i Innovasjon Noreg som nettopp skal vere for å løfte industrien innanfor kvitfisknæringa. Kvifor vil ikkje Framstegspartiet støtte det forslaget?

**Oskar J. Grimstad (FrP) [12:52:40]:** På komitéreiså til Island såg vi eksempel på utvikling og foredling av kvitfisk på ein måte som gjer at næringa sjølv på mange måtar er ei ferd med å løyse denne utfordringa, for det som har vore utfordringa, er kostnadsnivået, og vi veit at vi har eit relativt høgt kostnadsnivå når det gjeld arbeidskraft i Noreg. Blant anna såg vi eksempel på skjering av fisk med vatn, som er ny teknologi – og vi besøkte ei bedrift då vi var i Danmark – så vi ser at den teknologiske utviklinga som skjer innanfor denne bransjen, på ingen måte treng eit særskilt program i Innovasjon Noreg. Det finst allereie finansieringsordningar innanfor Innovasjon Noreg og på andre måtar som gjer at dette kan finansierast på ein heilt ordinær måte utan at vi spesifikt etablerer ei ordning knytt til Innovasjon Noreg.

**Presidenten:** Replikskordskiftet er omme.

**Line Henriette Hjemdal (KrF) [12:53:57]:** Fiskerinæringa er en av våre viktigste næringar. Den gir store inntekter og gir grunnlag for arbeidsplasser langs kysten. Vi har noen naturgitte forutsetninger som gjer at vår visjon

om å vere verdens fremste sjømatnasjon, er mulig. Derfor er det av stor betydning at fiskerinæringa har gode og formålstjenlige reguleringar som legger til rette for maksimal verdiskaping og trygge arbeidsplasser både på havet og på land.

Hvis vi leser gjennom dagens innstilling, vil jeg si det er en rød tråd som er gjennomgående, og det er kvalitet. Høy kvalitet gir mest verdiskaping hvis vi tar vare på kvaliteten, og vi har et fantastisk kvalitetsprodukt som utgangspunkt. Derfor er det viktig hvordan fisken fanges, hvordan fisken håndteres, hvordan fisken fraktes, hvordan fisken leveres og – for å legge til – hvordan fisken tilberedes på en kvalitativt best mulig måte av oss som forbrukere.

Sjømatindustrimeldinga har gitt oss mulighet til å se helhetlig på næringa. For Kristelig Folkeparti har det vært viktig å se resultatene av denne gjennomgangen med løysningar som er gode for hele næringa og for befolkninga langs kysten.

Lønnsomheten til havs har vært, og er, god. Utfordringane har vært i deler av filetindustrien. Kristelig Folkeparti mener at filetindustrien har en framtid i Norge, men det krever en enda sterkere fokusering på kvalitet. Norge kan ikke vere billigst på arbeidskraft, og vi skal heller ikke vere det. Derimot må vi levere produkter av høyeste kvalitet. Derfor må vi gi næringa frihet med hensyn til fartøyutforming og redskapsvalg så lenge de biologiske hensynene ikke talar imot det. På denne måten vil det bli enda større mulighet til levere den kvaliteten som industrien krever.

For Kristelig Folkeparti er det viktig at beslutningane vi fatter, baserer seg på solid kunnskap. Kristelig Folkeparti er derfor fornøyd med å ha fått med komiteen på å nedsette en kommisjon som ser på alle sidene ved pliktsystemet og konsekvensane av endringar. Kommisjonen skal se på de samfunnsmessige, økonomiske og juridiske sider ved både innstramming, oppheving og justering av pliktsystemet. Dette vil gi oss mer kunnskap og forhåpentligvis et mer fyldig bilde av hva som er riktig å gjøre. En så viktig næring som fiskerinæringa fortjener at vi tar oss tid til å gjøre denne jobben skikkelig.

Pliktsystemet har vært omstridt lenge, det er ikke til å stikke under stol. Likevel skal vi ikke ta lett på endringar, eventuell oppheving av eller å beholde pliktsystemet slik vi kjenner det i dag. Hovedsaken må vere å få til økt verdiskaping og lønnsomhet på havet og på land, trygge arbeidsplasser og grunnlag for bosetting i lokalsamfunnene langs kysten. Sammenhengane mellom disse er åpenbare: ingen lønnsom drift – ingen trygge arbeidsplasser, ingen trygge arbeidsplasser – ingen bosetting. Det er derfor av stor betydning at vi får de faktaene vi trenger, på bordet før avgjørelse skal fattes i dette storting.

Kristelig Folkeparti har i budsjettforlikene kjempet for å øke bevilgningar til bestandsforskning. Det er derfor veldig bra at det er flertall for å be regjeringa legge fram en opptrappingsplan for flerbestandsforskning. Dette vil sikre at vi får den kunnskapen vi trenger for en optimal forvaltning av våre fiskeriressurser.

Kristelig Folkeparti er fornøyd med at det er flertall for å be regjeringa utarbeide en strategi for ilandføring

og utnyttelse av restråstoffet. Restråstoffet vil bli et viktig råstoff som kan danne grunnlag for nye arbeidsplasser innen bioøkonomi. Dårlig utnyttelse av restråstoff er sløsing med ressurser og svekker muligheten for maksimal verdiskaping. Men den bioøkonomistrategien som regjeringen presenterer senere i vår, må også inneholde den blå sektor.

Som i de fleste andre næringer trenger fiskerinæringen et godt omdømme for å drive rekruttering. Men uten at næringen framstår som bærekraftig, lønnsom og innovativ, blir det ikke lett å drive rekrutteringsarbeid. Fiskerinæringen må drive i takt med tiden og være så trendy og framoverlent – vil jeg si – at de beste sushikokkene kan se opp til denne næringen. Det er et ambisiøst mål, men vi trenger å være ambisiøse.

Kristelig Folkeparti er fornøyd med utfallet av behandlingen av sjømatindrimeldingen. Riktige justeringer har blitt tatt, og viktig kunnskap vil nå bli hentet inn. Vi mener det er viktig for denne næringen å ha et så bredt flertall bak seg som denne innstillingen viser. Det gir forutsigbare rammebetingelser.

**Geir Pollestad (Sp) [12:59:22]:** I fjor var komiteen på sjømatmessen i Brussel. Der fikk vi se hvordan en markedsfører norsk sjømat ute. Markedsføringen var i hovedsak dominert av små fiskebåter og levende fiskevær og lokalsamfunn langs kysten vår, og jeg tror det er grunn til å si at norsk fiskeripolitikk i all hovedsak er og har vært en suksesshistorie. En har sikret arbeidsplasser langs kysten, en har en deltakerlov som sikrer fiskernes rettigheter til fisken, en har en fiskesalgslagslov som gir fiskerne kontroll med markedsplassen, og ikke minst har en greid å bygge opp en god og troverdig ressursforvaltning. Forutsetningene ligger der for å nå målet om å bli verdens fremste sjømatnasjon.

Jeg har tenkt å begynne med de sakene der vi er enige, og til og med gå så langt som å begynne med det som vi er enige med regjeringen om, for det er ting i denne meldingen, i denne saken, som ikke har fått nok oppmerksomhet. Det er bra at et samlet storting ønsker å satse mer på forskning og utvikling og legge til rette for utvikling av nye produkter. Det er bra at en tydelig understreker at en skal vektlegge kvalitet mer enn kun kvantitet. Det er bra at en legger opp til å styrke ressursforskningen, og at en har en bestilling på den opptrappingen. Jeg skulle ønske at statsråden kunne si noe senere i debatten om hvilke bevilgninger i statsbudsjettet for 2017 han ser for seg. Jeg har en mistanke om at vi ikke får svar på det. Jeg må også understreke at det nytter lite å bevilge penger til forskning hvis ikke både næringen og omgivelsene har tillit til at forskningen er fri og uavhengig. Det har vi alle et ansvar for å bidra til. Og det er bra at komiteen understreker at en vil ha en bedre ressursbruk gjennom i større grad å utnytte hele fisken.

Så er det et viktig punkt som komiteen har understreket, og som det er enighet om, nemlig hardere jobbing for markedsadgang. Nå kom eksporttallene for første kvartal. De viser en positiv utvikling. Med det forholdet vi har til Russland og Kina, er det gode tall å ta med seg.

Jeg har lyst til å ta et oppgjør med myten om Norge som et land med skyhøye tollmurer rundt seg. Norge har offensive handelsinteresser, særlig når det gjelder fisk, og vi har defensive handelsinteresser, særlig når det gjelder landbruk. Da er det viktigere å bruke tiden på å kjempe for å ha offensive interesser enn å bruke tiden på å gi opp våre defensive handelsinteresser.

Det spørsmålet som det har vært mest oppmerksomhet rundt i saken, er pliktene. Senterpartiet er opptatt av at pliktssystemet skal virke etter hensikten. Vi er glade for at vi nå får en kommisjon som skal utrede alle sider. Tidsplanen er veldig stram, men for oss vil nok konklusjonen være at vi ønsker en skjerping heller enn en svekkelse av pliktene, men på en måte som gjør dem effektive.

Til sist – salgslagsloven: Det samarbeidet som Fiskarlaget, Sjømat Norge og fiskesalgslagene har iverksatt, er bra. Vi aksepterte – og støttet også – opprettelsen av en ekspertgruppe, ut fra den begrunnelsen at de tre ønsket det. Men jeg har litt vanskeligheter med å se den praktiske effekten, for jeg vil tro at en ekspertgruppe nødvendigvis må rapportere til departementet, som igjen skal melde videre til de tre som jobber med dette. Det håper jeg at statsråden kan ordne på en fleksibel og god måte.

Så er jeg glad for at vi har sagt at det som går på kvoter, skyver vi på og tar en samlet vurdering av når Eidesenutvalget er ferdig.

Jeg vil takke komiteen, og jeg vil takke de partiene som har bidratt til en samlande løsning, som jeg tror vil stå seg over tid.

**M a r i t N y b a c k k** hadde her overtatt presidentplassen.

**Presidenten:** Det blir replikkordskifte.

**Ove Bernt Trellevik (H) [13:04:41]:** Regjeringa har fremja forslag om å regionalisera leveringsplikta i tre regionar, dette fordi fiskebåtane ikkje nødvendigvis har den rette typen kvalitet og den rette typen fisk som vert etterspurd på mottaket. Vidare vil regjeringa avvikla ordninga med krav om foredling, og her er det mange gode grunnar. Representanten Hjemdal sa i stad: Det handlar om å tryggja busetjing, tryggja arbeidsplassar og auka lønsemda. Ikkje minst foreslo regjeringa å setja ned ein kommisjon som skulle sjå på aktivitetsplikta. Aktivitetsplikta er ei distriktspolitisk sak, som det kanskje ikkje bør påleggjast norsk konkurranseutsett industri å løysa.

Komiteleiar Pollestad skriv i eit lesarinnlegg som verserer i svært mange aviser rundt om i landet, at regjeringa ønskjer å oppheva alle desse tre pliktene. Eg lurar på – og undrast stort på – kvar han har dette frå, kvar han har lese dette. Det er iallfall ikkje den same stortingsmeldinga som eg har lese.

**Geir Pollestad (Sp) [13:05:39]:** Regjeringen foreslo i meldingen en svekkelse av pliktene som i realiteten vil sette til side den funksjonen som de er tiltenkt.

Så er det en erkjennelse som hele komiteen har kommet til – uavhengig av i hvilken retning en ønsker å gå – av at

pliktene ikke har fungert etter hensikten. Derfor har vi et forslag til vedtak som både Høyre, Senterpartiet og resten av komiteen har støttet opp under, at vi skal få en kommisjon som ser på dette og utreder det bredere enn det som er gjort. Når det resultatet kommer, får vi ser hvor det politiske flertallet ligger – om en ønsker å gå for en skjerpelse, en endring eller en liberalisering, som er det regjeringen har lagt opp til.

Jeg mener at den liberaliseringen regjeringen foreslo, var så omfattende at det i realiteten var snakk om en fjerning.

**Ove Bernt Trellevik (H) [13:06:44]:** Det var berre ei av pliktene regjeringa tok til orde for å oppheva, og det var aktivitetsplikta. Det er mange gode grunnar til det, nettopp det med både lønsemd og anna. Noregs største kvitfiskanlegg ligg her i Oslo, og det å foredla all fisken f.eks. på kysten i Nord-Noreg og køyra han heilt til Oslo for å foredla han inneber både miljøutfordringar, kostnadsutfordringar og transportutfordringar for å nå fram til marknaden.

Eg lurar på: Pollestad nemner i innlegget sitt at han ønskjer å forsterka desse pliktene. Kvar ønskjer han å forsterka desse pliktene, dersom det framleis skal vera god lønsemd i dette?

**Geir Pollestad (Sp) [13:07:27]:** Senterpartiets mål med fiskeripolitikken er at den skal sikre aktivitet og verdiskaping langs kysten. Det er det overordnede målet. Vi mener at det da er behov for en politikk som legger til rette for det.

Jeg er redd for at en med en stor grad av liberalisering av de politiske virkemidlene vil få en sentralisering av produksjonen noen få steder, og at en større del av bearbeidningen vil skje i utlandet. Vi ønsker at bearbeidningen skal skje i Norge og langs kysten.

Når det gjelder de spørsmålene som representanten kommer med, er det nettopp derfor vi har pekt på at her trengs det en kommisjon som ikke har et bundet mandat, som regjeringen ønsket å gi kommisjonen, men som har et bredt mandat, som bl.a. Senterpartiet, Høyre og resten av komiteen har støttet i sitt vedtaksforslag i dag.

**Oskar J. Grimstad (FrP) [13:08:43]:** Senterpartiet og SV skriv i ein merknad at dei ønskjer å låse fiskeressursane til det enkelte fylket, og beskriv dette som ein felles ressurs, som høyrer til det norske folk – og då tydelegvis innanfor det enkelte fylket.

Betyr det at når ein fiskar makrell, sild, lodde, krill eller andre sortar, skal ein prøve å orientere seg om kva for fylke ein fiskar dette utanfor, og så skal det leverast i det fylket som ein fiskar utanfor? Er det dette som er tanken, sidan ein beskriv det slik?

**Geir Pollestad (Sp) [13:09:25]:** Den merknaden må ses i den konteksten at denne meldingen for alle praktiske formål er en torskemelding. Det er det også merknaden som sådan refererer seg til, og jeg håper at den da gir mer mening for representanten.

**Presidenten:** Replikordskiftet er omme.

**Pål Farstad (V) [13:10:07]:** Jeg vil starte med å takke saksordføreren for hans hovedinnlegg og komiteen for konstruktive prosesser fram til det resultatet vi har nå.

Det er en særdeles viktig sak vi har til debatt akkurat i dag, mye viktigere enn mange tenker, fordi fiskeri- og havbruksnæringen, de marine næringene, sjømatsektoren – næringen har mange navn – er en viktig bærebjelke for norsk økonomi, norske lokalsamfunn og norske arbeidsplasser. Sjømatsektoren er av stor betydning i dag, men har potensial i seg til å bli enda viktigere i framtiden – for norsk velferd. Derfor er de beslutningene som Stortinget tar i dag, viktige, ikke bare for sjømatsektorens framtid, men for det norske samfunn, for norsk økonomi.

Gjennom arbeidet i næringskomiteen har det stått sentralt for Venstre å få gjennomslag for viktige punkter knyttet til bl.a. klima, forskning, rekruttering, kvalitet, omsetning og markedsarbeid – sentrale punkter som vil bidra til å gjøre sjømatindustrien mer lønnsom og miljøvennlig i framtiden. Jeg er glad for at komiteen har tydelige forventninger til forsterking av disse områdene.

I dette bildet er det også gledelig at en samstemt komité gikk inn for at de ulike pliktene skal utredes samlet av en kommisjon. Venstre vil ha mer kunnskap om hvilke konsekvenser en omlegging av pliktene vil ha både økonomisk, juridisk og samfunnsmessig, før en endelig beslutning kan fattes. Jeg er overbevist om at vi gjør det rette når vi nå ber om en grundig gjennomgang.

Norge er og blir et «havland». Norges svært produktive havområder – med en lang og rik kystlinje – har gitt oss særlig gode, naturgitte forutsetninger for fangst og foredling. Så lenge vi holder havet og fjordene våre rene, har Norge et enestående utgangspunkt som en ledende internasjonal leverandør av høykvalitets sjømat. Jeg er glad for at de ulike delene av fiskerinæringen, fra fangst til marked – Sjømat Norge, Fiskarlaget og salgslagene – er enige om omsetningsforhold og om markedsplassen. Det lover godt for framtiden.

Dersom Norge skal være verdens fremste sjømatnæring, må vi være i front med en miljøvennlig og lønnsom fiskeflåte som leverer sunn mat fra godt forvaltede bestander i noen av verdens reneste havområder. For å oppnå dette må vi være kunnskapsledende innenfor kyst- og havmiljø, bærekraftig ressursutnyttelse og utvikling av framtidens moderne fiskeflåte og framtidens fiskeforedling – om det er innenfor pelagiske fiskerier som sild og makrell, eller om vi snakker om klippfisk, tørrfisk, filet og annen anvendelse av hvitfisken.

I dag kastes en altfor stor del av torskekvoten over bord fordi vi ikke er i stand til å utnytte alt av restråstoff. Det er en stor ressurs som går til spille, og det ligger en økonomisk, etisk og miljømessig gevinst i å utnytte de marine ressursene bedre. Jeg er derfor glad for at komiteen har samlet seg om et forslag der Stortinget ber regjeringen utarbeide en strategi for bruk av alt restråstoff / biprodukter, samt utvikle en incentivordning for ilandføring av hele fisken. Videreutvikling av en fungerende bioøkonomi handler om å få flåten og industrien til å utnytte det som i dag

defineres som restråstoff, på andre anvendelsesområder enn dem vi kjenner i dag.

En nasjonal satsing på å synliggjøre mulighetene for attraktive og spennende yrkesvalg innenfor en sunn og evigvarende næring vil være avgjørende for at næringen skal kunne tiltrekke seg dyktige fagfolk i framtiden. Derfor er det bra at regjeringen nå må utarbeide en strategi for å styrke rekrutteringen til næringen.

Helt til slutt er det verd å merke seg at komiteen står samlet bak merknaden om at Svalbard-samfunnet må få mulighet til å høste ringvirkninger av den økte fiskeriativiteten rundt øygruppen. Med de utfordringene vi har knyttet til Store Norske, og som Svalbard-samfunnet har, er det viktig å se på andre næringsområder som kan gi positive ringvirkninger for Svalbard. Her bør marine ressurser spille en viktig rolle.

**Presidenten:** Det blir replikkordskifte.

**Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [13:15:28]:** Eit av dei viktigaste grepa ein kan ta å løfte sjømatindustrien, er å satse på teknologi og marknad. Grunngevinga frå representanten frå Framstegspartiet for ikkje å vere med på forslaget frå SV, Senterpartiet og Arbeidarpartiet var at ein har ein generell pott pengar i Innovasjon Noreg – ein ønskjer ikkje spesielle satsingar der. Det store unntaket her er sjølv sagt petroleumssektoren – dei har heilt eigne opplegg i Innovasjon Noreg. Men la det liggje i dag.

Spørsmålet mitt er: Når Venstre ikkje ønskjer å løfte innovasjonar og teknologi spesifikt for denne viktige næringa for havlandet Noreg, kva er Venstre si grunngeving? Eg håpar det ikkje er næringsnøytralitet.

**Pål Farstad (V) [13:16:17]:** Jeg takker for spørsmålet.

Det må være helt klart at Venstre ønsker teknologiløft og innovasjonsløft i næringen. Vi mener at Innovasjon Norge og andre i virkemiddelapparatet er rigget til å utføre det arbeidet, og vi er ikke opptatt av at dette skal gjøres nå, gjennom spesifikke program.

**Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [13:16:54]:** Vil representanten frå Venstre ta til orde for at ein då fjernar dei petroleumsretta tiltaka som ligg under Innovasjon Noreg?

**Pål Farstad (V) [13:17:04]:** Jeg saksbehandler ikke over bordet hva som gjelder innenfor petroleumssektoren. Men jeg kan forsikre representanten Knag Fylkesnes om at Venstre vil være på hugget så det holder når det gjelder å finne gode virkemidler knyttet til fiskeri- og havbrukssektoren og den tradisjonelle fiskerinæringen og fiskeindustrien, som vi snakker om her i dag.

**Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [13:17:39]:** Grunnen til at eg spør, er at når ein behandlar ei sjømatindustrimelding, tar ein fram dei store orda om kor viktig dette er for det norske samfunnet.

Likevel er vi i ein situasjon i Noreg i dag – vi kjem tilbake til det i neste sak også – der vi sit litt fast i gamle prioriteringar frå tidlegare tider. Internasjonalt, i langt meir

liberalistiske land enn Noreg, som USA, Tyskland, Storbritannia og Danmark for så vidt, har dei spesifikke satsingar på næringar som openbert kan vere framtida. Det er difor eg ønskjer å spørje igjen: Kvifor er det unaturleg for Venstre å prioritere ei spesifikk satsing på sjømatindustri-næringa i Innovasjon Noreg?

**Pål Farstad (V) [13:18:25]:** Jeg mener det ligger mange ordninger innenfor Innovasjon Norge som fanger opp det som er utfordringene knyttet til sjømatsektoren.

Vi forhandler med regjeringspartiene og med Kristelig Folkeparti om budsjettene, om gode tiltak, om gode ordninger. Det er naturlig for oss også å diskutere dette videre i de sammenhengene. Men jeg synes ikke det er naturlig at vi bringer dette inn som et eget punkt i behandlingen av sjømatindustrimeldingen.

**Presidenten:** Replikkordskiftet er omme.

**Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [13:19:35]:** I dag ser vi at arbeidsløysa veks, og vi ser ein nedgang i oljeindustrien. I ein slik situasjon blir det ekstra viktig at vi gjer alt som står i vår makt for å fremje ein politikk som sørgjer for arbeidsplassar og verdiskaping i Noreg. Vi må difor føre ein politikk for sjømatnæringa som gjer at vi hentar ut størst mogleg verdi av fisken vår, til samfunnets beste, til kystsamfunna sitt beste og til næringa sitt beste. Det er i dette brytningpunktet vi må finne dei gode løysingane. Eg trur grunnen til at meldinga har fått ei såpass kjølign behandling i næringskomiteen, er at ho nettopp ikkje gjer det.

Det store bildet viser at det går bra med norsk fiskeindustri. 2014 var det mest lønsame året sidan 1994. Det er ikkje utenkjeleg at 2016 blir enda betre på grunn av gunstige valutasituasjonar. Det er altså ingen grunn til å hevde at sjømatindustrien er i ein djup krise. Men det er utfordringar, og ikkje minst, det er eit stort uutnytt potensial, forhold vi må adressere politisk. Berre rundt ein tredjedel av norsk fisk blir foredla i Noreg. På kvitfiskfeltet går meir enn 60 pst. av heil, fersk torsk som blir eksportert, inn i utanlandsk filetindustri. Det er med andre ord eit stort potensial, og arbeidskraftkostnader blir peika på som eit av dei store problema. Det burde vere ein tankekross, men det er det ikkje i meldinga. Meldinga frå regjeringa tar ikkje tak i problemet med at industrien har låg kapasitetsutnyttning og svak innovasjonsevne og satsar for lite på kvalitet.

Difor føreslår SV at vi må satse kraftig gjennom eit eige program i Innovasjon Noreg for å styrkje industrien gjennom automatisering, robotar og marknaden. Det er slik vi kan skape sterke bedrifter med trygge arbeidsplassar. Det er merkeleg at det berre er Arbeidarpartiet og Senterpartiet som støttar forslaget vårt. Meiner verkeleg resten at den store industrielle utfordringa berre kan møtast gjennom liberalisering og oppheving av pliktar og samfunnskontraktar? Ein stor del av fisken frå det flåteleddet som regjeringa ønskjer å tilgodesjå, blir nettopp sendt ut av landet ubearbeidd, i frosen tilstand, til utanlandsk industriproduksjon. Det skaper ikkje mange arbeidsplassar og verdiskaping i Noreg.

Ingen forslag i meldinga møter ei anna hovudutfordring for industrien – tilgangen på råstoff. Snarare tvert om, over tid har vi sett at det er ferskt råstoff av høg kvalitet som får best betalt i marknaden. Det kan ikkje vare ved at ein haustar fisken med andre metodar enn den som gir best kvalitet. Dei havgåande trålarane fekk i si tid konsesjon til å fiske fordi dei skulle gi industrien råvarer gjennom heile året. Det skjer ikkje i dag, og fisken er ikkje av god nok kvalitet. SV meiner difor primært at det er på tide å fase ut trålarane og tilbakeføre kvotane til kysten. Sekundært støttar vi forslaget om kommisjon. Det vil alltid vere sesongvariasjonar i fiskeria. Det var også bakgrunnen for dei mislykka samfunnskontraktane med den havgåande trålarflåten. SV støttar i staden for tiltak som levandelagring bonus på leveranse av fersk fisk for å utjamne sesongane i så stor grad som mogleg. Dersom dette blir kombinert med ei stor teknologisatsing og kan skape nye moglegheiter for bearbeiding av ulike typar fisk på eit distribuert område langs heile kysten vår, har vi fantastiske moglegheiter.

Det er ingen motsetnad mellom ei konkurransedyktig sjømatnæring og distriktspolitikk. Tvert imot: Skal vi oppnå dei høgaste prisane og den beste kvaliteten, er vi nøydde til å sørge for at fisken blir landa få timar etter at han er fanga. Det må nødvendigvis skje mange stader langs kysten. Det Noreg treng, er difor ein kystbasert fiskeripolitikk der råstoff av høg kvalitet blir prioritert, og der vi satsar hardt på teknologisk innovasjon og marknad.

Eg er glad for at frosenfiskstrategien for havgåande fartøy som regjeringa la opp til, har blitt slått tilbake, og at eit fornuftig storting ser annleis på saka. Vi kystbuarar kan ikkje på nokon måte forsone oss med at dei som har fått hand om konsesjonar mot å skape størst moglege verdiar ut av fellesskapet sine fiskeriressursar, skal få fortsetje å gjere ein elendig jobb ut frå både økonomiske og økologiske kriterium. Heile vår kystkultur, som er grunnlaget for å kunne hauste ressursane våre på ein optimal måte, blir på den måten sett i fare.

Eg vil med dette også ta opp dei forslaga som vi har løfta i denne saka.

**Presidenten:** Representanten Torgeir Knag Fylkesnes har tatt opp de forslagene han refererte til.

Det blir replikkordskifte.

**Ove Bernt Trellevik (H) [13:24:57]:** Fisken i havet har sikkert vore der i tusenvis av år. Fangstreiskapar og fiskemetodar har utvikla seg over tid. Kunnskap og teknologi gjer det mogleg å fanga meir av det som er berekraftig. Det vart innført deling mellom ulike flåtegrupper, og det vart innført kvotar.

Prinsippet om å rokka ved denne fordelinga mellom flåtegrupper har vore eit berande prinsipp heile vegen og er noko som alle har retta seg etter. SV har eit forslag her i dag der dei vil starta med å gjera om på dette og overføra kvotar ifrå trål til kystfiske.

Eg lurar på om representanten kan svara på kven som skal erstatta kostnadene for reiarane, for fiskarane, for fiskeforedlingsbedrifter og for lokalsamfunn med ei slik endring. Er det skattebetalarane eller er det kystfiskarane

som skal få dei nye rettane? Eller er det dei involverte som per i dag har investert både kapitalen og arbeidskrafta si?

**Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [13:25:57]:** SV har ikkje svara på alle dei spørsmåla. Difor er ordlyden i forslaget vårt som er til behandling i dag, slik han er. Når den havgåande trålarflåten har blitt invitert til å gjere ein jobb for fiskeværa langs kysten, invitert til å fylle ut sesongen, og dei ikkje leverer, når dei ikkje leverer den fisken dei faktisk skal levere, og når dette skjer med full handsrekking frå høgrevridde regjeringar – den eine etter den andre – bl.a. ved å gjere om leveringsplikt til tilbudsplikt, osv., osv. Når den uretten som har skjedd langs kysten, fortset – dette er fiskeverdiar på 8–10 mrd. kr – ser ikkje vi nokon annan måte å sikre at dette er ressursar som kjem kysten og samfunnet til gode, enn å reversere den samfunnskontrakten.

**Ove Bernt Trellevik (H) [13:26:57]:** Eg vert litt forundra når representanten Knag Fylkesnes hevdar at det ikkje er kysten sine ressursar, og at fisk ikkje vert landa på kysten. Det er ikkje så veldig mange alternativ. Ein fiskar er for så vidt ein fiskar, sett frå mitt ståsted. Det viktige her er at vi sikrar landindustrien ressursar gjennom heile året på best mogleg måte. Det er ein av grunnane til at vi har ein trålarflåte. Den ønskjer representanten altså no å kvitta seg med, samtidig som han ønskjer å senda bitte små sjarkar langt opp i Barentshavet for å fiska desse ressursane i dårleg vår ein vinterdag. Korleis vil han sikra landindustrien fisk heile året når ein fiskar i Barentshavet med små båtar?

**Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [13:27:42]:** SV si løysing er eit sett av ulike tiltak, bl.a. levande lagring, opne opp for etterf?ring, som gjer at ein kan utvide sesongen ganske mykje. Vi ønskjer også å satse på ny teknologi som gjer at ein kan få ein langt større og meir diversifisert industriproduksjon, som kan ta imot f.eks. både laks og torsk på same anlegg. Dermed vil ein kunne få eit langt større nettverk av anlegg langs kysten. Industritendensane internasjonalt går i retning av mindre einingar, ikkje større. Dette er «good news» for Noreg.

Når det gjeld leveringsplikta, ser vi at dei stadene ho fungerer, er der det er identisk eigarskap mellom båt og anlegg, altså ein samheng mellom kven som eig båten, og kven som eig anlegget. Der fungerer det relativt greitt. Dette er viktig for dei fiskeværa, men fungerer heilt elendig der det ikkje er denne typen samhengar.

Eg synest det er merkeleg at Høgre her indikerer at dagens ordning fungerer på eit vis – ho må berre regulariserast.

**Oskar J. Grimstad (FrP) [13:28:59]:** SV erklærer – vil mange hevde – krig mot den havgåande trålarflåten med forslaget om å redusere kvotane til trålarane sterkt til fordel for kystflåten.

Historisk har fiskeria hatt opp- og nedturar, der havfiskeflåten har fiska i grønlandsk farvatn og på Grand Banks på Newfoundland. Ikkje minst reiste ein til New Zealand i tider da det var vanskelege forhold og kvota-

ne var låge. Dersom ein reiser ned, får ein ros frå myndighetene og fiskarar så langt vekk som på New Zealand for denne flåten, som faktisk har opparbeidd internasjonale rettar for store delar av norsk fiskeri. Dette vil altså SV berre slå ein strek over no. Dei ser ikkje verdien av det gründerarbeidet som havfiskeflåten har stått for, når vi trass alt får levert berre 2 pst. av matproduksjonen i verda frå havrommet. Korleis vil SV løyse dette?

**Torgeir Knag Fylkesnes (SV) [13:30:03]:** Dette er ei utruleg merkeleg tolking av det SV skriv i innstillinga. Det er jo ikkje dei havgåande båtane i seg sjølve vi ønskjer å ta kvotane frå. Heile den pelagiske sektoren fungerer jo fantastisk bra. Sildefisket, makrellfisket, loddefisket osv. er fantastiske næringar, som også har ein høgare grad av utnytting og foredling av fisk, som bør vere langt høgare enn i dag, men det har fungert på ein langt betre måte.

Det vi snakkar om her, er den delen av flåten som er komen inn frå havet for å dekkje delar av ein sesong der kystfiskarane tidlegare ikkje har klart å levere fisk og rett og slett ikkje har levert på dei samfunnsforpliktingane dei har. Dette er ingen krig mot havgåande flåtar i det heile, det er ein kritikk av ei lita gruppe trålarreiarar som har inngått ein samfunnskontrakt og ikkje levert.

**Presidenten:** Replikordskiftet er omme.

**Rasmus Hansson (MDG) [13:31:17]:** Havets ressurser er en viktig del av bidraget til å gi folk mat i framtida og kan bli en vesentlig større del. Det er vel også derfor to av FN's nye bærekraftsmål, som Norge har forpliktet seg til, går ut på å bevare havets ressurser og å gjenoppbygge skadede økosystemer. Norge har selvfølgelig et særlig ansvar i den sammenhengen fordi vi forvalter usedvanlig store og rike havområder. For Norge har som alle vet, fisk vært viktig i mer enn tusen år. Havbruk er i tillegg blitt en stor næring. Og i en framtid hvor norsk verdiproduksjon og arbeidsplasser må skapes andre steder enn i oljesektoren, er det ingen tvil om at havets levende ressurser igjen vil være en av våre aller mest verdifulle muligheter. Potensialet er enormt for produkter og næringsutvikling basert på store, artsrike marine økosystemer som Norge forvalter, hvis vi forvalter dem riktig.

I dag forvalter Norge de fleste av våre marine ressurser godt, men slik har det ikke alltid vært. Det som har utgjort forskjellen, har vært solid, uavhengig fagkunnskap og politisk vilje til å basere forvaltningen på denne kunnskapen. Men samtidig ser vi, parallelt med dette, oppdrettsindustrien som et grelt eksempel på det motsatte – Stortinget legger mindre vekt på forskningsresultater, og man har en statsråd som gir uttrykk for at han ikke skjønner forutsetningene for forskning. Oppdrettsindustrien tillates i Norge i 2016 utrolig nok å ikke ha kontroll verken på sin egen parasitt- og sykdomssituasjon eller sine skadevirkninger på kystmiljø og laksefisk.

Da regjeringen la fram en melding til Stortinget om en konkurransekraftig sjømatindustri, ventet vi i Miljøpartiet De Grønne at faglige og ressursmessige forutsetninger var tillagt stor vekt. Det ventet vi særlig når vi vet at

klimaendringene nå setter hele det marine ressursystemet under et veldig stort og veldig uoversiktlig endringspress. Men stortingsmeldingen innfrir dessverre ikke denne forventningen, og jeg er blant dem som er forundret over hvor lite meldingen inneholder av konkrete tiltak i andre deler av sjømatindustrien enn akkurat fartøysektoren. En konkurransekraftig norsk sjømatindustri, og ikke minst en sjømatindustri som skal utvikle og gi grunnlag for ny næringsvirksomhet, fortjener etter Miljøpartiet De Grønnes begreper en atskillig mer omfattende vurdering av organisering og virkemidler enn det vi har fått i denne meldingen. Det er i dag et betydelig gap mellom de usedvanlig verdifulle ressursene som vi er i stand til å ta opp fra våre havområder, og den bearbeidingsgraden og verdiskapingen som vi får ut av det. Dette er en utfordring som jeg tror vi må opprettholde overfor oss selv, også etter at denne meldingen er kommet, fordi det er mer å hente, og vi trenger å ta denne utfordringen mer alvorlig enn meldingen gjør.

Uansett slår De Grønne fast at vi vil se aktivitetsplikten styrket, ikke avvirket. Der industritrålere ikke oppfyller de forpliktelsene de har inngått, bør kvotene omfordelles, for det er helt avgjørende at samfunnskontrakten rundt fellesskapets fiskeriresurser skal oppfylles.

Samtidig bør rekrutteringen av unge fiskere styrkes, og det bør etableres rekrutteringskvoter. Her er flåten under 11 meter viktig fordi man kan komme inn der uten å kjøpe kvoter. De små båtene bør man vurdere å gi mer muligheter til fiske hele året. Dessuten understreker jeg at De Grønne er uenig i regjeringens forslag om rasjonalisering av leveringsplikten og fjerning av bearbeidingsplikten.

